



# Gloppen kommune

## Møtebok

---

<b>Utval</b>	Eldrerådet
<b>Møtestad</b>	På Søreide
<b>Dato</b>	20.11.2017
<b>Tid</b>	Kl. 12:00 - 14:45

---

### Følgjande medleamar møtte

Olav Moritsgård

Hans Myklebust

Olav Felde

Egil Holme

Arnfinn Jørgen Brekke

Arnar Hans Kvernevik

### Frå

KRF

AP

### Forfall/møtte ikkje

Maria Lundestad

### Frå

### Følgjande varamedlem møtte

Bård Vereide

### Andre som møtte

Anita Lothe, helse- og omsorgssjef i sak 18/17

Beate Kornberg, rådgjevar i sak 17/17 og sak 20/17 – 22/17

Jan Kåre Fure, rådmann i sak 19/17

Arnfinn Jørgen Brekke gjekk frå møte 14:45 under sak 22/17

Orienteringa i sak 18/17 og 19/17 vart gjeve felles med rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, i forkant av møte.

Møteleiar: Olav Moritsgård

### Underskrift:

---

Olav Moritsgård

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
016/17	Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste
017/17	Referat og orienteringssaker
018/17	Orientering om arbeidet med velferdsteknologi i Gloppen kommune
019/17	Årsbudsjettet for 2018
020/17	Orienteringssak - status på framdrift nytt omsorgsbygg
021/17	Orienteringssak - prosjekt Seniortreff
022/17	Kommuneplan for Gloppen 2018 - 2030 - samfunnsdelen



Saksnr.	Utval	Møtedato
016/17	Eldrerådet	20.11.2017

## Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste

### Vedlegg i saka:

30.05.2017      Protokoll - Eldrerådet - 29.05.2017

### Rådsleiar si tilråding:

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå siste møte.
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Møteprotokollen frå siste møtet blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber rådsleiar om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

### Eldrerådet 20.11.2017

#### Behandling

#### ELD- 016/17 Vedtak

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå siste møte
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
017/17	Eldrerådet	20.11.2017

## Referat og orienteringssaker

Eldrerådet tek saka til orientering.

### Orienteringssaker:

1. Fagansvarleg plan og utgreiing orienterer om arbeidet med ny helse og omsorgsplan.

Ordet fritt...

Eldrerådet 20.11.2017

### Behandling

#### ELD- 017/17 Vedtak

Eldrerådet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
018/17	Eldrerådet	20.11.2017
027/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	20.11.2017
041/17	Helse- og omsorgsutvalet	22.11.2017

## Orientering om arbeidet med velferdsteknologi i Gloppen kommune

### Rådmannen si tilråding

Helse- og omsorgsutvalet tek saka til orientering.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

I 2014 fekk Gloppen kommune tildelt fornyingsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til arbeid med velferdsteknologi. Dette var starten på arbeidet med å ta i bruk velferdsteknologi i helse- og omsorgssektoren. Helse- og omsorgsutvalet fekk i sak 026/16 ei orientering og ein sluttrapport etter gjennomført prosjekt. Bakgrunnen for saka no er å orientere om det vidare arbeidet med dette i kommunen, då dette er eit viktig satsingsområde både lokalt og nasjonalt.

#### Vidare arbeid med velferdsteknologi i Gloppen

Fylkesprosjektet «Velferdsteknologi for kommunane i Sogn og Fjordane» er no inne i sitt fjerde år, og Gloppen kommune har ei viktig rolle i prosjektgruppa i dette prosjektet. I mai 2017 vart Gloppen som ein av 9 kommunar i Sogn og Fjordane i tillegg tatt opp i det nasjonale programmet for velferdsteknologi. Satsingane i Fylkesprosjektet og det nasjonale velferdsteknologiprogrammet komplimenterer kvarandre godt. Arbeidet i desse prosjekta vert gjort med mål om å bygge opp under arbeidet til alle kommunane i Sogn og Fjordane på området velferdsteknologi. Satsinga på teknologi skal gje betre kvalitet på tenestene i kommunane, betre ressursutnytting samt førebygge og utsette behovet for ressurskrevjande tenester i framtida. I dette ligg det også livskvalitet for brukarane og kvalitet på tenesten.

Ved deltaking i desse prosjekta får vi i 2017 utbetalt ca kr 120 000 til drift av prosjektaktivitetane. I tillegg har Gloppen kommune motteke kompetanse- og innovasjonstilskot på kr 150 000 til utviklingsarbeid innan velferdsteknologi frå fylkesmannen. Deltaking i utviklingsarbeid og prosjekta i Sogn og Fjordane gjev oss kunnskap, inspirasjon, driv og moglegheit til å avsette egne ressurar i form av tilsette til dette arbeidet. Vi har hatt ein ressursperson i 40 % stilling som har avsett tid til dette arbeidet. Dette er avgjerande viktig for å få framdrift og utvikling. Ho er ein ressursperson for dei tilsette i vurdering av teknologi, utprøving og drift. Ho organiserer og tek ansvar for utviklingsarbeid i tråd med prosjekta som går. For å kunne ta teknolgi i bruk må vi gjere oss erfaringar med teknologi som virkar, som ein forstår og ein kan stole på. For å nå dette målet er det viktig med ressurspersonar. Mange tilsette i fleire av einingane i kommunen gjer ein stor innsats. Vi har også ein del utgifter knytt til reiser, opphold og deltaking på ulike samlingar.

Aktivitetane i arbeidet med velferdsteknologi i 2016 og 2017 har vore:

- Prøve ut og ta i bruk ulike sensorar som er knytt opp mot digitale tryggleiksalarmar. Døme på dette er medisineringsdosett, døralarmar og senge- og stolmatter som varslar
- Arbeide for at alarmsentralen i Florø vert framtidig og funksjonelt responscenter for kommunane i Sogn og Fjordane. I det ligg det å ta i mot alarmar frå ulike sensortechnologi knytt opp mot tryggleiksalarmane og respondere på desse
- Utgreie og innføre elektroniske dørlåsar eller alternativ til dette i heimetenestene
- Utarbeide gevinstrealiseringsplan som viser gevinstar ved å ta i bruk teknologi på sikt
- Utarbeide rutiner og godt system for dokumentasjon knytt til velferdsteknologi i fagprogrammet Profil
- Forankre satsinga på velferdsteknologi i planverk (helse- og omsorgsplan)
- Opplysningsarbeid ut mot innbyggjarane i kommunene
- Etablere tverrsektorielle og tverrfaglige grupper der ressurspersonar frå alle aktuelle einingar deltek. Ein må samarbeide om utviklinga ved å ta i bruk velferdsteknologi då det er mange som vert påverka i sitt arbeid. Det er behov for samarbeidsrutiner når det gjelg vurderingar, vedlikehold og drift
- Etablere rutiner for saksbehandling og vedtak når velferdsteknologi vert gjeve som ei kommunal teneste.

Vidare framover vil vi fortsette å ha fokus på områda som er omtala over. Vi vil fortsette å søkje om tilskotsmidlar til utviklingsarbeid når det er mogleg. I tillegg må ein forvente å bruke ressursar innan ordinært budsjett. Vi vil også delta i utviklingsarbeid både på fylkesnivå og nasjonalt nivå. Dette vil gje oss inspirasjon og kunnskap til fortsatt utvikling av tenestene.

#### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017**

##### **Behandling**

##### **RAD- 027/17 Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer at dette arbeidet ikkje skal vere avgrensa til seniorar, men at og yngre menneske med behov får høve til å nytte velferdsteknologi og får naudsynt opplæring.

Vedtaket var samrøystes.

#### **Eldrerådet 20.11.2017**

##### **Behandling**

##### **ELD- 018/17 Vedtak**

Eldrerådet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
038/17	Helse- og omsorgsutvalet	15.11.2017
036/17	Oppvekstutvalet	15.11.2017
091/17	MULTEK-utvalet	16.11.2017
028/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	20.11.2017
019/17	Eldrerådet	20.11.2017
109/17	Formannskapet	20.11.2017
047/17	Helse- og omsorgsutvalet	22.11.2017
046/17	Oppvekstutvalet	22.11.2017
097/17	MULTEK-utvalet	23.11.2017
	Formannskapet	

## Årsbudsjettet for 2018

### Vedlegg i saka:

11.11.2017 Rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2018

### Rådmannen si tilråding

Rådmannen kjem ikkje med tilråding i saka i denne fasen av budsjettarbeidet.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Rådmannen presenterte sitt framlegg til årsbudsjett for 2018 for kommunestyret den 13. november i år.

Det er formannskapet som kjem med framlegg til kommunestyret om årsbudsjett for neste år. Som vanleg er det lagt opp til at råda og hovudutvala kjem med uttale til budsjettframlegget før formannskapet gjer vedtak om utlegging til offentleg gjennomsyn.

#### Saksutgreiing:

Rådmannen skriv dette i samandraget i budsjettdokumentet:

Rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2018 er balansert ved å bruke 7,9 millionar av disposisjonsfondet. Det er likevel ei klar målsetting at det ikkje skal vere nødvendig å bruke dette beløpet til neste år. Dette føreset at rådmannen med sine leiarar, i fellesskap med dei folkevalde, i løpet av vinteren tar ein totalgjennomgang av kommunen si drift. Målsettinga må vere i første omgang å balansere 2018-budsjettet utan å bruke disposisjonsfondet til ordinær drift, og i tillegg sjå på ytterlegare tiltak som kan gje rom for dei investeringane som no er utsette. Tiltaka som skal balansere 2018-budsjettet må vere klare før påske.

Det er fleire årsaker til at rådmannen ikkje har greidd å legge fram eit framlegg til årsbudsjett utan å legge inn bruk av disposisjonsfondet:

- Tilskotet/refusjonen for mottak og busetting av flyktningar går vesentleg ned i høve til 2017, både som følge av at flyktningane våre no har budd her så lenge at tilskotet tar slutt, og som følge av omlegginga av tilskotet til mindreårige asylsøkjjarar. Vi har ikkje greidd å ta ned utgiftene så mykje som inntektsnedgangen på til saman 8,5 mill. tilseier.
- I 2017 kom det såkalla Myklebusttunet på Kleivedammen i drift. Føresetnaden som vart lagt til grunn både i budsjettet for 2017 og i sist vedtekne økonomiplan om drift av tilbodet har ikkje vore råd å gjennomføre. Drifta av det nye tilbodet kostar rundt 5 mill. i året.
- Vi har i ei årrekke lagt alt for lavt tilskot til private barnehagar inn i budsjettet. I 2017 er feilbudsjetteringa rundt 6 mill. I framlegget for 2018 er dette korrekt budsjettert.
- Tenestene kommunane yter på oppvekstområdet og helse- og omsorgsområdet er i all hovudsak styrde av lovfesta rettar og sentrale reglar. Tilboda kan ikkje takast vekk eller reduserast med grunngjeving i manglande budsjettmidlar. Det er eit faktum at vi ikkje kan drive desse tenestene utan meir ressursar når talet på barn og elevar og behovet for kommunal omsorg aukar. Dette er hovudårsaka til at kommunebudsjetta landet rundt ikkje går i hop når løyvingane ikkje aukar meir enn lønns- og prisveksten – og knapt nok det.

### **Tiltak og forutsetningar i rådmannen sitt framlegg**

I budsjettframlegget er det gjort tiltak og lagt inn fleire forutsetningar for å kome ned på den bruken av disposisjonsfondet som ligg no inne:

- Skatteveksten ut over det budsjetterte i 2017 (på 5,5 mill. per oktober) er vidareført til 2018
- Tilbodet og tiltaka til tidlegare mottekne flyktningar er redusert noko, men ikkje så mykje som inntektsnedgangen tilseier
- Det er budsjettert optimistisk for lønnsveksten i 2018. 2 % auke er lagt inn frå 1. mai
- Lønnskostnadene til nokre tilsette som jobbar mykje med prosjekt er ført på prosjekta. Samanlikna med 2017 er dette auka med 1,5 mill.
- Styret i Trivselshagen har lagt inn ein kraftig auke i husleiga i høve til 2017. For kommunen utgjer auken 1,3 mill. Berre auke for lønns- og prisvekst er lagt inn. Det betyr at styret for Trivselshagen må ta igjen sitt budsjett
- På grunn av seinare framdrift på nokre av investeringsprosjekta er det lagt inn seinare låneopptak og 1 mill. mindre i avdrag
- Det er budsjettert optimist på utbytte og på sal av konsesjonskraft
- Auken i eigedomsskatten på bustader og fritidseigedomar er lagt inn som forutsett i økonomiplanen.

Utover dette er 2018-budsjettet i all hovudsak ei vidareføring av drifta frå 2. halvår 2017.

### **Mottak av flyktningar**

Det er lagt til grunn at vi tar imot 15 nye flyktningar i 2018 slik staten har bede om. To av desse er mindreårige asylsøkjjarar. I tillegg til dette kan kome familie til flyktningar som alt er busette her. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet, verken på inntekts- eller utgiftssida.

Gjennomgangen som Gloppen kommune har vore med på som ein del av berekningsutvalet sitt arbeid med å kartlegge kommunane sine inntekter og kostnader med mottak og busetting av flyktningar, viser at vi går om lag i balanse så lenge staten betalar tilskot. Med god intergering og sysselsetting bør vi då ikkje har ekstrautgifter på mottak av flyktningar. Vi er ikkje der i 2018-budsjettet, men målsettinga må vere å kome dit i den gjennomgangen som rådmannen varsla innleiingsvis.

### **Nye stillingar**

I budsjettet for 2017 la vi for første gong inn ei oversikt over kor mange årsverk som ligg i budsjettframlegget og samanlikna dette med talet på årsverk i budsjettet frå året før. I årets budsjett ligg det



vel 497 årsverk. Tilsvarende for 2017-budsjettet var vel 486 årsverk. Auken er altså nesten 11 årsverk. Mesteparten av dette er i helse og omsorg.

I kap. 6 er endringane i årsverk kommentert og forklart. Auken i årsverk har i stor grad skjedd i løpet av budsjettåret 2017.

### **Investeringsbudsjettet**

Sjølv om rådmannen gjer framlegg om å utsette rehabiliteringa av skuleanlegget i Hyen og bygginga av nytt omsorgsbygg, kjem framlegget til investeringsbudsjett for 2018 på nesten 116 mill. Oppsummert ser framlegget slik ut:

	Sum investering	Momskomp.	Tilskot/ref.	Finansiering			Sum finansiering
				Fond	Gamle lån	Nye lån	
Bustader og bustadfelt	18.000	-400	-11.500	3.280	-380	-9.000	-18.000
VAR-området	31.300					-	-31.300
Andre investeringar	66.500	-12.600	-1.700	-	-5.640	-	-67.000
				1.500		45.060	
SUM	115.800	-13.000	-13.200	1.780	-6.020	-	115.800
						85.360	

Samla låneopptak er 85,4 mill. Av dette beløpet er vel 25 millionar investeringar som ikkje gjev inntekter som dekkjer renter og avdrag. Dei største prosjekta er i 2018:

Prosjekt	Budsjettert kostnad	Beløp i 2018	Merknad
Nytt industribygg	26 mill	26 mill	Leigeinntektene skal dekke alle utgiftene
Renseanlegget på Byrkjelo	27,4 mill	23,4 mill	Gebyret skal dekke alle utgiftene
Heradshuset	27,8 mill	14 mill	Forsikringa dekkjer 40% av totalsummen (27,8 mill)
Ombygging av dagsenteret	12,5 mill	9,2 mill	Gjev husleige for 4 nye husvære

Oppdatert kostnadsoverslag for nytt omsorgsbygg er i underkant av 81,3 mill. Vi har ikkje oppdaterte tal for skuleanlegget i Hyen. I økonomiplanen er kostnaden lagt inn med knapt 53,8 mill.

### **Helse- og omsorgsutvalet 15.11.2017**

#### **Behandling**

Saka vart drøfta.

#### **HOU- 038/17 Vedtak**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

### **Oppvekstutvalet 15.11.2017**

#### **Behandling**

#### **OPP- 036/17 Vedtak**

Oppvekstutvalet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

### **MULTEK-utvalet 16.11.2017**

#### **Behandling**

Saka vart drøfta.

### **KULT- 091/17 Vedtak**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

### **Formannskapet 20.11.2017**

#### **Behandling**

Gruppeleiarane i Høgre, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne var inviterte till å drøfte saka i finansutvalet. Dagfinn Nyhammer møtte for Høgre. Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne hadde forfall.

Framlegg frå **Magni Aa Berge på vegner av Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti:**

- Arbeidet med Hyen skule skal leggst inn i budsjettet med oppstart i 2018
- Formannskapet ber, på bakgrunn av det rådmannen skriv i årsbudsjettet 2018, styret i Trivselshagen IKS sjå på den varsla auken i husleige på nytt
- Formannskapet ber rådmannen arbeide vidare med innsparingar og kome med framlegg slik at budsjett for 2018 vert gjort opp med eit underskot på maksimalt kr 6,5 mill. ved endeleg vedtak på kommunestyremøte i desember
- Formannskapet legg til grunn at rådmann kjem attende innan utgongen av februar 2018 med eit budsjett som er gjort opp med 1,0 % i overskot, som vedteke i økonomiplan for 2018-2021
- I prosess med å få klart budsjett for 2018 vert det innført full stillingsstopp. Administrasjonsutvalet skal haldast fortløpande orientert om stillingar som vert ledige og om desse eventuelt kan haldast vakante
- Til formannskapsmøte 13. desember skal rådmannen/etatsleiarar orientere formannskap og økonomiutval om den pågåande prosessen med årsbudsjett for 2018. Vidare legg formannskapet til grunn at rådmannen orienterer kommunestyret 18. desember om arbeidet, i samband med behandling av årsbudsjett for 2018.

Framlegg frå **Svein-Ottar Sandal (Krf):**

Vi legg til grunn at rådmannen legg fram ei sak, revidert budsjett 2018 som er i balanse. Til dette arbeidet kjem Krf med følgjande innspel:

1. Prosjektering av rehabilitering av Hyen skule/ idrett og nytt omsorgsbygg skal halde fram slik at ein ved revisjon budsjett 2018 har eit tilstrekkeleg beslutningsgrunnlag
2. Rådmannen blir beden om å gå gjennom alle investeringsprosjekta med det siktemål å sjå på reduksjonar/ innsparingar
3. For 2018 vert det innført full stillingsstopp. Rådmannen må i revidert budsjett legge fram budsjettvirkningane av eit slikt vedtak og korleis dette skal gjennomførast
4. Rådmannen skal fram til handsaminga av revidert budsjett gå gjennom inntektsidene i

budsjettet og særleg vurdere auke i gebyr og betalingssatsane.

Det vart ikkje røysta over framlegga.

#### **FOR- 109/17 Vedtak**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

#### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017**

##### **Behandling**

#### **RAD- 028/17 Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er opptekne av at utsette grupper blir skjerma i nedskjæringar og gebyrauke.

Vedtaket var samrøystes.

#### **Eldrerådet 20.11.2017**

##### **Behandling**

#### **ELD- 019/17 Vedtak**

Eldrerådet tek saka til orientering. Eldrerådet føresett at framdriftplan for nytt omsorgsbygg vert oppretthalde.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
020/17	Eldrerådet	20.11.2017
042/17	Helse- og omsorgsutvalet	22.11.2017

## Orienteringssak - status på framdrift nytt omsorgsbygg

### Rådmannen si tilråding

Helse- og omsorgsutvalet tek saka til orientering.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Helse- og omsorgsutvalet gjorde 13.04.2016 følgande vedtak i sak 12/16: Helse- og omsorgsutvalet ber om at området ved Gloppen omsorgssenter vert prosjektert for utbygging av nytt omsorgsbygg. Det vart orientert om framdrift i saka til helse- og omsorgsutvalet 15.02.2017 og i same møte gjort vedtak om å prosjektere 20 nye omsorgsbustader. Denne saka er ei ny orientering om framdrift i prosjektet etter ynskje frå helse- og omsorgsutvalet.

#### Status no

Sidan førre orientering har lokal arbeidsgruppe hatt månadlege arbeidsmøte i lag med våre rådgjevarar frå Arkilag. I tillegg til dette har tilsette i kommunen gjort diverse avklaringar og kartlagt behov som forbreiding til arbeid i arbeidsgruppa.

Arbeidet med å utarbeide eit byggeprogram (rom- og funksjonsprogram) for det nye omsorgsbygget er snart ferdig. I dette ligg det å beskrive innhald og funksjonar som ein vil ha i det nye bygget så nøyaktig som mogleg. Arkilag har erfaring med dette frå tidlegare, så samarbeidet med dei har vore svært nyttig. Dette er også sett i samband med funksjonar i eksisterande bygg og planlagt med tanke på å skulle driftast effektivt og forsvarlig i lag med dagens einingar.

Det er inngått avtale med Rambøll som tekniske rådgjevarar i utarbeiding av kravspesifikasjon på dette fagområdet. I dette ligg det å kartlegge og beskrive behov og funksjon på ulike tekniske fagområder til konkurransegrunnlaget for prosjektet. Dette omfattar elkraft, høgspenn anlegg, lavspenn anlegg, nødstraumsanlegg, tele- og automatiseringsanlegg, telefon, brannvarslingsanlegg, adgangskontroll, TV/radio/AV-utstyr, sjukesignalanlegg, heisanlegg, sanitærteknisk anlegg, varmeanlegg, ventilasjonsanlegg, kjøleanlegg og sprinkleranlegg. Rådgjevar skal kartlegge og beskrive eksisterande anlegg, og vurdere behov for fornying. Oppdraget er å utarbeide funksjonsbeskrivelse for dei tekniske faga. Denne vert ein del av byggeprogrammet. Totalentreprenør skal stå for design av heile bygget inkludert tekniske anlegg.

Det er etablert ei eiga tverrfaglig arbeidsgruppe for vurdering av velferdsteknologi i det nye omsorgsbygget. Vi har kartlagt behov for teknologi med utgangspunkt i kvalitet på tenestene for brukarane, effektiv og trygg drift både med tanke på dei tilsette og brukarane. Konsulentar frå Rambøll og Eid Industrihus KF deltek også i dette arbeidet.

Parkering og tilkomst både under byggeperioden etter ferdigstilling er vurdert og planlagt som ein del av prosjektet.

Det er avklara at Anekset skal rivast og drifta i dette bygget må flyttast. Det er behov for areal for tilkomst til området i byggeperioden og etter ferdigstilling.

Det er beslutta å lyse ut prosjektet som totalentreprise. Byggeprogrammet, inkludert funksjonsbeskrivelse tekniske fag, er planlagt ferdigstilt ved årsskifte. Dette vil vere den mest vesentlige delen av tilbudsgrunnlaget som er planlagt å sende ut i januar 2018. Det er planlagt drift i nytt omsorgsbygg frå juli 2020.

Vi planlegg ordinær drift på omsorgssenteret i byggeperioden. Dette innebærer å etablere ein del funksjonar i underetasjen i dagens bygg for å opprettholde drifta. For å få dette til vil ein måtte flytte ut lageret av hjelpemidler til eit mellombels lager i byggeperioden, samt gjere nokre tilpassingar til eksisterande rom. Dette må gjerast før totalentreprisen startar, og vi har ein plan for korleis dette kan løysast.

**Eldrerådet 20.11.2017**

### **Behandling**

#### **ELD- 020/17 Vedtak**

Eldrerådet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
028/17	Helse- og omsorgsutvalet	13.09.2017
021/17	Eldrerådet	20.11.2017
023/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	11.09.2017

## Orienteringssak - prosjekt Seniortreff

### Rådmannen si tilråding

Helse- og omsorgsutvalet tek saka til orientering.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

I 2015, 2016 og 2017 mottok Gloppen kommune i lag med Frivilligsentralen, eldrerådet og pensjonistlaget tilskot frå Helse- og omsorgsdepartementet frå tilskotsordninga; Aktivitet for seniorar og eldre. Vi etablerte prosjektet Seniortreff. Målet var i lag med frivilligsentralen og frivillige lag, organisasjonar og enkeltpersonar å få til lokale seniortreff/møteplassar der "unge" og "gamle" eldre i fellesskap kunne drive både fysisk og anna aktivitet i eit sosialt fellesskap. Dette tenker ein kan førebygge einsemd, passivitet og funksjonsfall som ein konsekvens av sosial tilbaketrekning og mangel på aktivitet og engasjement.

I prosjektet såg ein for seg at målgruppa for seniortreff var både yrkesaktive, "nypensjonistar" og eldre som bur i eigen bustad eller i omsorgsbustader. Vi tenkte at "nypensjonistane" er ei gruppe med store ressursar som vil kunne vere med å drive aktivitet. Vi trur også at eit slikt engasjement vil vere positivt for den som yt frivillig innsats og vil fremme aktivitet og deltaking. Det har i prosjektet vore eit sterkt fokus på organisering for å sikre varig drift.

Prosjektet har vore svært vellukka. Aktiviteten i frivilligsentralen er tettare knytt til kommunal aktivitet og begge partar ser stor verdi av det gode samarbeidet. Vi har rekruttert mange nye frivillige til møteplassane. Vi har etablert faste møtepunkt med frivillige lag og organisasjonar. Dette har vore nyttig for alle partar. I møte med frivillige og målgruppa på ulike arenaer har vi erfart at medvirkning har gjort oss meir treffsikre i forhold til innhald, gjennomføring og deltaking. Vi ser at engasjement i målgruppa og kunnskap om lokale behov er ein suksess-faktor i etablering av møteplassar.

Aktivitetane i prosjektet fram til denne tid har vore:

- Det er etablert faste møtepunkt mellom kommunen, Frivilligsentralen og frivillige lag og organisasjonar
- Teleslynger på aktuelle møteplassar og lokaler er montert og tatt i bruk
- Det er starta opp og vidareutvikla «Sterk og stødige grupper» for seniorar som eit samarbeid med idrettslaga, Gloppen Frivilligsentral og Gloppen kommune v/ Frisklivscentralen. Til desse gruppene har det vore stadig aukande deltaking
- På møteplassen «Avishjørnet» på biblioteket på Sandane har vi prøvd ut interessa for ei avis/nyhendegruppe på biblioteket. I to periodar har det vore sett opp tider der seniorar

kan treffast på biblioteket for å lese og diskutere nyhende. Det har vore ein frivillig som har hatt ansvar for gjennomføring med støtte frå biblioteket og frivilligsentralen. Erfaringa er at det har vore lite oppmøte og tilbodet har vore lite nytta. Det vert ikkje prioritert å vidareføre tilbodet

- Seniornett utvidar og det er gjennomført fleire nybegynnarkurs i kommunen
- Det er laga ei informasjonsbrosjyre om aktivitetar for seniorar i Gloppen Kommune. Det eksisterer eit stort og mangfaldig tilbod i kommunen
- Det er arbeidd med transport og koordinering i fht til dei ulike møteplassane
- Vi har holdt opne møter for alle over 60 år i heile kommunen med fokus på god alderdom
- Vi har sidan hausten 2016 i samarbeid med Gloppen helselag, Gloppen Frivilligsentral og Gloppen bygdekvinnelag starta opp og utvikla møteplass/dagtilbod for heimebuande eldre, Onsdagstreffet, i kantina på Gloppen omsorgssenter.

### **Onsdagstreffet**

I møte med dei frivillige tok Gloppen helselag initiativ til å få til eit dagtilbod for eldre heimebuande i Gloppen. I samarbeid har Frivilligsentralen, kommunen, Gloppen helselag og Gloppen bygdekvinnelag starta opp onsdagstreffet i kantina på Gloppen omsorgssenter. Innhaldet er sosialt samvær, trim, song, temabaserte samtaler, tur og felles middag. Helselaget og Bygdekvinnelaget har rekruttert frivillige til transport og hjelp på samlinga. Frivilligsentralen koordinerer dei frivillige. Ein tilsett frå kommunen har ansvar for å planlegge treffet, ta i mot påmeldingar frå deltakarane og holde «tråden» i programmet på sjølv samlinga. Gloppen kommunale kjøkken leverer middag. Helselaget og Bygdekvinnelaget melder tilbake at det har vore stor velvilje frå dei frivillige og lett å rekruttere frivillige.

Det har til denne tid vore innom 33 personar på denne møteplassen, i snitt 10 per gong. Både frivillige og andre som deltek uttrykker begeistring for ordninga. Deltakarane betalar for middag levert frå kjøkkenet og kr 50 i deltakaravgift per gong. Vi ser at for å lukkast er det nødvendig med ein fast person som deltek kvar onsdag og er bindeledd for alle som deltek og bidreg. Denne personen har vore den kommunalt tilsette som brukar ca 20% stilling til dette. Det vert ei utfordring å finne dekning i budsjettet til dette etter prosjektet, men verdiskapinga av å setje inn denne ressursen ser vi er svært stor.

### **Vidare arbeid i prosjektet:**

Prosjektgruppa ser behovet for å også bruke 2017 og deler av 2018 for å sikre at dette vert ein berekraftig, systematisert og etablert samarbeidsstruktur for framtida. Det er behov for meir tid til å gjere møteplassane og brosjyren kjende og auke rekruttering og deltaking både av frivillige og deltakarar på møteplassane. Vi skal vidare arbeide for å få til eit treff i Breim knytt til eksisterande dagtilbod basert på same «opplegg» som onsdagstreffet. Ønskje om å involvere frivillige er formidla til lag og organisasjonar i Breim som vil prøve å rekruttere frivillige som kan vere med på tilbodet saman med tilsett i heimetenesta. Det er eit mål om fleire deltakarar som bur heime eller på Reedtunet.

Vi er også i gang med å prøve ut/ starte opp ei ordning med frivilligkoordinatorar i dei ulike bemanna omsorgsbustadane, institusjon og bukollektiva. Målet er eit system som bidreg til god struktur på samarbeidet med dei frivillige på desse plassane og at dette skal stimulere til fortsatt og kanskje auka frivillig aktivitet. Faste tilsette skal ha koordinatorfunksjonen og samarbeide med Frivilligsentralen om dette.

Det vert søkt om midlar for vidare drift av prosjektet Seniortreff til Helsedirektoratet.

## **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 11.09.2017**

### **Behandling**

#### **RAD- 023/17 Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

## **Helse- og omsorgsutvalet 13.09.2017**

### **Behandling**

#### **HOU- 028/17 Vedtak**

Helse- og omsorgsutvalet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

## **Eldrerådet 20.11.2017**

### **Behandling**

#### **ELD- 021/17 Vedtak**

Eldrerådet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.





Saksnr.	Utval	Møtedato
022/17	Eldrerådet	20.11.2017
031/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	20.11.2017
044/17	Helse- og omsorgsutvalet	22.11.2017
041/17	Oppvekstutvalet	22.11.2017
095/17	MULTEK-utvalet	23.11.2017
115/17	Formannskapet	27.11.2017
	Ungdomsrådet	
	Kommunestyret	
	Administrasjonsutvalet	

## Kommuneplan for Gloppen 2018 - 2030 - samfunnsdelen

### Vedlegg i saka:

02.11.2017	Fråsegn til høyring av forslag til samfunnsdelen til kommuneplanen 2018-2030
25.10.2017	Uttale - Kommuneplan for Gloppen 2018 - 2030 - Samfunnsdelen
18.10.2017	Uttale - Kommuneplan for Gloppen kommune 2017 - 2030 - Samfunnsdelen
13.11.2017	Kommuneplan for Gloppen 2018 - 2030 - Samfunnsdelen - til sluttbehandling
13.11.2017	Innspel til kommuneplan for Gloppen 2018 - 2030 - Samfunnsdelen

### Rådmannen si tilråding

Kommunestyret vedtek samfunnsdelen av kommuneplan for Gloppen 2018 – 2030.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

I «Kommunal planstrategi 2016 – 2020 for Gloppen kommune», vedtok kommunestyret å starte arbeidet med ny samfunnsdel i kommuneplanen. Formannskapet la 18. september 2017 rådmannen sitt utkast til ny samfunnsdel ut på høyring i 6 veker, med høyringsfrist 1. november 2017. For å sikre eit størst mogleg politisk eigarskap til føringane i planen er det lagt opp til politisk handsaming i alle råd og utval i løpet av november, før den vert sluttbehandla i formannskapet 27. november og kommunestyret 18. desember 2017.

#### Fakta i saka

Det har i høyringsperioden kome inn fire høyringssvar frå offentlege instansar – Vegvesenet, fylkeskommunen, fylkesmannen og Fiskeridirektoratet. Høyringssvara er vedlagt i sin heilskap.

*Statens vegvesen* påpeikar at samfunnsdelen har mange gode satsingsområde i forhold til trafikktryggleik og transportfunksjon på vegnettet.

#### Fylkeskommunen tilrår følgjande:

- i større grad tydeleggjere samanhengen mellom mål og strategiar
- at samfunnsdelen får ein tydelegare handlingsdel, som definerer konkrete tiltak for å sikre

at satsingane vert gjennomførte

- å konkretisere føringane for arealdelen meir, slik at satsingane i samfunnsdelen legg tydeligare politiske føringar for arealdelen.

I tillegg inneheld høyringsuttala både generelle og konkrete innspel frå ulike fagavdelinger i fylkeskommunen. Innspela er vurdert, og delvis innarbeida i vedlagt plan.

*Fylkesmannen har følgjande fråsegn:*

- Forma på samfunnsdelen fungerer, dersom målsettingane er resultat av dokumenterte og erfarte behov.
- Planen er lite konkret når det gjeld utbyggingsareal til ulike formål, både behovet for nye område og bruken av avsette område i gjeldande arealplan.
- Ser det som positivt av kommunen vil legge til rette for fortetting av bustadområde i nærleiken av barnehagar og skular. Dei rår vidare til at det ikkje skal leggjast til rette for at nye, større bustadfelt utan at det vert stilt krav om opparbeiding av gang- og sykkelveg.
- Det er positivt at kommunen har prioritert samarbeid med det frivillige som målsetting og identitetsskapar gjennom heile dokumentet.
- Målsettinga om vern og gjenbruk av verdifulle jordressursar bør takast med vidare i arealdelen.

I vedlagt plan er det gjort endringar i høve desse høyringsinnspela. Alle endringar er markert i raudt. Fiskerieridirektoratet sin merknad kom inn 14 dagar etter høyringsfristen, og er først og fremst eit innspel til arealdelen. Merknaden deira gjev ikkje grunnlag for å endre noko i samfunnsdelen.

Vedlagt plan er ei rein tekstutgåve. I novembermøta i råda, utvala, formannskapet og desembermøte i kommunestyret, vil det bli presentert ei utgåve med grafisk design og bilete som er under utarbeiding av lokalt firma. Dette vil vere med på å gjere samfunnsdelen meir lettles for innbygarane.

### **Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Planen legg føringar for kommunen sine prioriteringar i planperioden, som må innarbeidast i økonomiplan og årlege budsjettprioriteringar.

### **Rådmannen si vurdering**

Endringane som er gjort i vedlagt plan er først og fremst konkretisering og utdjuping av punkt som var med i høyringsutgåva. Rådmannen vurderer derfor at det ikkje er naudsynt med ei ny høyringsrunde.

Rådmannen registrerer at det ikkje er kome høyringsuttaler frå lokalt hald, verken frå næringslivet, utviklingslag i kommunen eller frivillege lag og organisasjonar. Dette vel vi å sjå i samanheng med at det i forkant av utarbeiding av planen har vore gjennomført ein brei medverknadsprosess både ute i lokalsamfunna våre, internt i leiarforum og i planverkstad med representantar frå næringslivet og eit utvida formannskap. I tillegg har ei arbeidsgruppe med representantar frå planforum, politikarane, næringslivet og frivillege lag og organisasjonar vore med å jobbe fram kommunen sin posisjon og bidratt sterkt til utforming av planen.

**Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2017**

### **Behandling**

**RAD- 031/17 Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser positivt på at det er stort fokus på inkludering i planen, både i framtidsbilete og i dei konkrete punkta under strategiane. Rådet rår kommunestyret til å vedta planen.

Vedtaket var samrøystes.

#### **Eldrerådet 20.11.2017**

#### **Behandling**

#### **ELD- 022/17 Vedtak**

Eldrerådet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.